

Årsmøte Volda rideklubb tirsdag 05.01.2010

Møtte: Ragnhild Ekornrud, Edle Holmin, Magne Holmin, Andreas Eikrem, Ingvild Hansen, Liv Jorunn Nyhagen, og Ida Standal.

Sak 1: Val av møteleiar og referent

- Møteleiar: Edle Holmin
- Referent: Liv Jorunn Nyhagen

Sak 2: Val av to til å signere protokollen

Sparebank 1 vil at heile styret skal signere, med tanke på lånet.

Sak 3: Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling sendt ut ein månad før i avisa. Påminning på e-post dagen før møtet. Godkjent. Kan vere lurt å sende ut påminning på sms same dag. Sakliste godkjent.

Sak 4: Årsmelding

To kurs for May-Elise Skauvik og eitt for Kari Øye er gløymt på årsmeldinga. Når dette blir ført opp vert årsmeldinga godkjent. Arrangerte kanefart i romjula.

Sak 5: Godkjenning av rekneskapen

Fekk 5.000 kr med Norges idrettsforbund, 4.000 kr med Rolls Royce og 50.000 kr med Sparebank1. Vi har også fått 10.000 kr øyremarka til hestehengar med Sparebank Møre. Godt år økonomisk. Mest utgifter til prosjektering av ny ridebane og hall. 41.603 kr på konto no. Godkjent.

Sak 6: Lån til ridebana

Årsmøtet er einige i at leiar (Edle Holmin) kan ta opp lån i Sparebank 1 til klubben. Vi har fått kommunal garanti på eit lån på 654.000 kroner. Lånet har ei varighet på 10 år. Vi håper å få inn 385 000 kroner i spelemidlar, som er 1/3 del av dei totale kostnadane for byggesteg 1 på 1 153 300 kr.

Sak 7: Bruk av eigenkapital til bana

Årsmøtet tykkjer det er greitt at styret kan nytte klubben sin eigenkapital, 26.112 kroner, til opparbeiding av bane.

Sak 8: Baneleige

Når bana vert 40x80 meter må leiga aukast. I starten vert bana mindre, og då bør kontingenten vere lågare. Ingvild Hansen foreslo å dele oppbaneleiga i to halvår, med tanke på studentar og andre. Kan fort bli dyrt å betale alt på ein gong. Fjerne forryttar-baneleiga.

150 kroner i baneleige fram til sommaren i fyrste omgang. Styret har mynde til å endre baneleiga for hausthalvåret dersom ytre forhold tilseier det.

Sak 9: Val av styre

Edle Holmin
Vigdis Sandø
Liv Jorunn Nyhagen
Andreas Eikrem
Ida Standal

Ann Lajla Brungot
Ragnhild Ekornrud
Styret konstituerar seg sjølv på fyrste møte. Styremøte blir 17. 01. klokka seks hos Liv Jorunn Nyhagen.

Val av aktivitetsgruppe

Ragnhild Ekornrud
Liv Jorunn Nyhagen
Ida Standal

Sak 10: Bytte krets?

Vi kan bytte krets når som helst. Men vil det vere å dolke kretsen i ryggen når dei faktisk har fått gjennom både dressur KM og køyre KM. Vanskeleg å kommunisere med kretsen i Møre og Romsdal. Vil legge saka på is eit år, og sjå om det blir betre i kretsen her. Viss ikkje byttar vi til 2011 til Sogn og Fjordane rytterkrets.

Sak 11: Aktivitetar

Vanskeleg å planlegge sidan bana ikkje er oppe å går endå. Kurs for May Elise Skauvik i januar i Ørsta? Kan dele instruktørar med Ørsta? Til dømes Gunnar Bruland, Trond Lefdal, Cassandre Bach-Gransmo eller andre. Horseprokurs.

Signering av protokollen frå styret:

Dato og stad:

Edle Holmin, leiar

Ragnhild Ekornrud, nestleiar

.....

.....

Ann Lajla Brungot, sekretær

Andreas Eikrem, kasserar

.....

.....

Ida Standal, styremedlem

Liv Jorunn Nyhagen, vara

.....

.....